



Redusert tilvekst på lam – kva er årsaka?

Forfatter

Åshild Øritsland Våge, Helsetjenesten for sau

Sammendrag

Viss ein i september oppdagar at lammevektene er lågare enn forventa, er det lite ein då kan gjera for å rette på forholda. Det er difor viktig at ein følgjer nøye med på tilveksten utover i beitesesongen, slik at ein kan oppdage problema tidleg og setje i verk naudsynnte tiltak på rett tidspunkt. Tilveksten blir påverka av fleire ytre faktorar. Sluttresultatet kan difor bli dårleg til tross for eit godt utgangspunkt etter paring og lamming. Kartlegging av årsakstilhøve og igangsetjing av naudsynnte tiltak til rett tid er difor viktig for eit godt sluttresultat.

Publisert

2010

Referanse

Sau og Geit nr. 3/2010

Utskriftsdato

18.08.2019 www.fag.nsg.no

Redusert tilvekst på lam – kva er årsaka?

Viss ein i september oppdagar at lammevektene er lågare enn forventta, er det lite ein då kan gjera for å rette på forholda. Det er difor viktig at ein følgjer nøye med på tilveksten utover i beitesesongen, slik at ein kan oppdage problema tidleg og setje i verk naudsynte tiltak på rett tidspunkt.

Tilveksten blir påverka av fleire ytre faktorar. Sluttresultatet kan difor bli dårleg til tross for eit godt

utgangspunkt etter paring og lamming. Kartlegging av årsakstilhøve og igangsetjing av naudsynte tiltak til rett tid er difor viktig for eit godt sluttresultat.

God start er viktig

Middeltalet for tilvekst i Sauekontrollen, frå fødsel til haustveging, var 279 gram per dag i 2009.

Då tilveksten til lamma går i retning av meir feitt etterkvart som dei vert eldre, er det viktig for klassifisering og pris at lamma har god tilvekst heilt frå starten av. Årsaksforholda nedanfor er dei vanlegaste og kanskje viktigaste årsakene til redusert tilvekst hos lamma.

Mjølketilgang frå søya

Det første ein skal tenke på ved dårleg tilvekst utan andre symptom, er om lamma får nok energi til å ha ein så høg tilvekst som me ønskjer. I første del av beiteperioden er lamma sin tilvekst svært avhengig av søya si mjølkeevne. Dersom søya går med for mange lam, har dårleg hold eller låg mjølkeevne vil ein kunne sjå utslag på tilveksten til lam som ikkje får støttefôring. Ein må òg undersøkje om søya kan ha jurbetennelse.

Beite

Kor godt beite er vil ha mykje å seia for kor mykje mjølk søya produserer, og etterkvart kor mykje energi lamma tek opp frå beitinga. Både kvaliteten på beitet og areal per søye er avgjerande for om energitilgangen er tilstrekkeleg. Ei søye med lam på heimebeite har eit arealkrav frå 0,7 dekar per søye og oppover, avhengig av kor mykje beitet produserer.

Parasittar

Me delar mage- og tarmparasittane hos sau grovt inn i; rundorm, bendelorm, ikter og eincella parasittar, til dømes koksidier. Det finst mange parasittar innanfor kvar gruppe, som igjen har ulike eigenskapar. Til dømes har parasittane ulik evne til å gjera skade i fordøyelseskanalen, og påverkar dermed tilveksten i ulik grad. Vidare kan parasittane gje problem til ulike tidspunkt, og parasittane har ulike strategiar for overvintring. Alle desse variablane, samt fleire, gjer at det er viktig å vita kva parasittar ein har i eigen buskap. Ein kan då tilpasse parasittbehandlninga etter eigen smitteforekomst og smittepress. Det er difor viktig å ta avføringsprøver for å kartlegge kva parasittar ein har.

Mangelsjukdommar

For ein optimal tilvekst er kroppen avhengig av inntak av tilstrekkeleg



(Foto: Helsetjenesten sau)

mengde energi, proteiner, vitaminer og mineraler. Ved utilstrekkeleg tilgang på næringsstoff, eller redusert opptak/omsetning i vomma, vil ein kunne få ein mangeltilstand. Symptoma vil variere med kva ein har mangel på, og kor uttalt mangelen er. Under norske tilhøve gjev manglane seg ofte utslag i nedsett tilvekst og eit generelt utriveleg preg på lamma, heller enn tydelege sjukdomsteikn. Dei vanlegaste mangeltilstandane på lam på beite er koboltmangel, selen/vitamin E-mangel og til dels kopparmangel.

Sjukdom på lamma

Dersom ein har eit sjukdomsutbrot blant lamma, vil førinntaket gå ned i

ein periode. Langvarande sjukdom vil kunne ha mykje å seia for tilveksten. Lam kan få ulike sjukdommar, hovudsakleg infeksjonssjukdommar, som til dømes lungebetennelse, munnskurv og sjodogg. Felles for alle smittsame sjukdommar er at eit høgt smittepress vil leie til at mange dyr blir sjuke. Smittepresset vil auka med talet på dyr, redusert areal og auka nærkontakt mellom dyra.

Diagnostisering

Svært mange av årsakene til redusert tilvekst gjev uspesifikke symptom. I tillegg er det fleire av årsakene til redusert tilvekst som kan vera vanskelege å diagnostisere. Diagnosen kan difor

vera ei utelukkingsdiagnose, og krev ofte eit samarbeid mellom sauebonden og veterinæren.

Nedanfor er det ein tabell over vanlege sjukdomsårsaker som fører til redusert tilvekst, kva ein skal sjå på for å få mistanke om at dette kan vera eit problem i buskapen og kva diagnostiseringsverktøy ein kan nytta for å finne ut av årsaksforholda.

For meir informasjon om Parasittpakken, sauesjukdom eller førebyggjande tiltak; sjå Helsetjenesten for sau sine heimesider: <http://www.animalia.no/htsau>

Av Åshild Øritsland Våge
Helsetjenesten for sau

Årsak:	Få mistanke:	Aktuell diagnostisering:
Parasittar	Dårleg tilvekst og utrivelege lam. Diaré: Mange lam som er skitne bak. Lam som døyr. Bleike slimhinner. Hevelse under haka (Vasspåk).	Avføringsprøver – Parasittpakken kan rekvirerast av veterinær, medan prøvane blir tatt av sauebonden. Obduksjon av daude dyr.
Koboltmangel	Vanlegast langs kysten, særleg Vestlandet. Dårleg evt. ujamn tilvekst. Kan få stopp i tilvekst frå 3-5 mnd. alder. Øyeflod og skorper rundt auga. Ru ull.	Måling av vitamin B12 nivå i blod kan gje ein peikepinn. Sjå på effekt av langtidsverkande kobolttilskot til eit av lamma i tvillingpar.
Selen/vitamin E-mangel	Vanlegast i innlandet. Lam 3-6 veker: Stiv gange og problem med å reise seg opp. Akutte dødsfall. Eldre lam: Dårleg tilvekst og vantrivsel.	Obduksjon av døde lam. Blodprøver – undersøker for mengda av eit selenavhengig enzym. Kan elles vera vanskeleg å diagnostisere, særleg forma med redusert tilvekst og vantrivsel.
Kopparmangel	Mest aktuell langs kysten. Uttalt mangel ser ein på nyføyde lam, dette er lite aktuelt i Noreg. I beitesesongen – lite kartlagt i Noreg: Dårleg tilvekst, dårleg ull, gjerne utan krøller, blodmangel.	Kan vera vanskeleg å diagnostisera. Blodprøver kan vera nyttige. Måling av kopparinnhald i lever og nyrer frå slakta dyr.
Lungebetennelse	Lam som døyr (akutt form). Hoste og tungpusta dyr. Surkling når lamma pustar. Smittsam – stadig fleire sjuke.	Kliniske symptom vil seia mykje om diagnosen. Obduksjon vil gje ei sikker diagnose. Innsending av daude lam eller lunger frå slakteriet.
Munnskurv	Skorper og sår:	Diagnostisering frå kliniske symptom.
Sjodogg	Stor førekomst av flått. Dyr med feber. Mange dyr med anna sjukdom, til dømes lungebetennelse og leddbetennelse.	Blodprøver: påvisning av bakterien i blodutstryk. Obduksjon av daude dyr.